

BOKN

BYGDEBLAD

NR. 5

JUNI 1990

ÅRG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN FÅR BYGDEBOK

Bokn kommunestyre gjorde i møte den 29.mai samrøystes vedtak som vil føra til at Bokn får utarbeidd gards- og slektssoge.

Arbeidet er tenkt utført dei næraste åra av bygdebokforfattar Birger Lindanger slik at boka skal vera ferdig til jul 1995.

Totale kostnader til skrivearbeidet vil bli kring kr.600.000,-.

I tillegg kjem produksjonskostnader på kr.300.000,- som ein reknar å få att ved sal.

Ei eventuell fullføring av verket

som to band kulturhistorie vil innebera, vil ein ta stilling til når ein nærmar seg fullføring av gards- og ættesoga.

Etter kvart er det faktisk eit fleirtal av Rogalandskommunane som har fått utarbeidd lokalhistoriske verk. For bygdeboknemnda i Bokn som har arbeidd i 4 år med å førebu eit lokalhistorisk verk, vil vedtaket om å løyva midlar til bygdebok venteleg gi ny inspirasjon i det vidare arbeidet. Og andre boknarar, heime eller ute - har mykje å sjå fram til den dagen verket er ferdig.

POLITISKE ORGAN I BOKN VIL HA GASSRØYRLEDNING

Både i Bokn bygningsråd og i formannskapet var det stort fleirtal for ei positiv haldning til ein eventuell gassrøyrledning gjennom Bokn kommune for ilandføring av kondensat til Kårstø.

I bygningsrådet vart reguleringsplanen for gassrøyrledninga vedtatt mot 1 røyst i møte den 4.mai, og i formannskapet eit framlegg til vedtak frå rådmannen som konkluderte med ei positiv innstilling til prosjektet vedtatt mot 1 røyst i møte den 18.mai.

I formannskapsvedtaket har ein peika på positive sider som arbeidsplasser i regionen, eigedomsskatt til Bokn, og at røyrledninga ikkje kjem i konflikt med kommunale utbyggingsplanar. Det er også peika på at det må setjast inn avbøtande tiltak i høve til dei negative sidene som gassrøyrledninga gir.

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 29.mai ein positiv uttale til konsekvensutreiinga for ilandføring av kondensat til Kårstø. Vedtaket vart gjort mot 4 røyster.

BLOMSTER I BRUKS- HUSET

Frå hausten av har Reidun Grønnestad planar om å driva blomsterhandel i det såkalla Brukshuset i Føresvik (gamle banken).

Ho skal drøfta eit samarbeidsopplegg med Brukshuset om å driva blomsterhandel ved sida av dei andre produktar som vert omsette her.

Dersom ein får i stand ein avtale, vil Reidun ha ope kvar dag i førstninga, og dermed kan ein også kjøpa lokal brukskunst dagleg.

Reidun vil sjå tida an - kor vidt det er grunnlag for dagleg opningstid.

Ho vil selja både potteplanter og avskorne blomster pluss andre varer som naturleg høyrer med - t.d. urner o.l.

Ho meiner det er grunnlag for å få selt blomster i Bokn då det er dyrt å få det sendt for privatpersonar, og elles langt å reisa t.d. til Aksdal for å kjøpa blomster. Ho vil også bringa blomster på døra i Bokn om nokon ynskjer det.

Nå håpar Reidun på at det vert gitt dispensasjon frå Bokn Handelslag slik at ho kan få lov til å driva blomsterhandel. Bokn Handelslag har nemleg ein tinglyst rett på all handel innafor eit område i Føresvik.

OPPSKRIFT SOM PASSAR ARSTIDA:

Gammal Bryllupskake

1 pund troskap
1 pund kjærlige ord
2 pund urokkelige løfter.

Blandes godt sammen med
2 perler Gledestårer og
arbeides godt 1 time med
kjærlig hånd - og formes
forsiktig til et hjerte.
Overstrøs med sukkersøte ord.
Dyppes i hellige kjærlighets-
løfter. Stekes hurtig i en
elskovsglødende ovn, og ser-
veres med varme kyss.

PS: Denne kake er bare for 2
personer og er i alminne-
lighet meget godt likt.

KOMMUNEN SEL HOGNALAND SKULE

Bokn kommunestyre gjorde den 29.mai samrøystes vedtak om å selja Hognaland skule til firmaet Bokn Bygg til ein pris av kr.100.000,-.

Det er nå vel fire år sidan kommune-
styret vedtok å selja Hognaland sku-
le til Bokn Bygg for kr.250.000,-.
Bygget var den gongen i dårleg ved-
likehald, og det har ikkje blitt be-
tre med åra.

For Bokn kommune vil det bli ganske
kostbart å vedlikehalda bygget. Det
er elles liten interesse for at nok-
on vil kjøpa bygget.

Rådmannen grunngir m.a. salet med at
det er tvilsamt at kommunen vil få
att kostnadene ved eit seinare sal
dersom ein nå pusser bygget opp. I
tillegg ynskjer ein å vera med å sik-
ra arbeidsplasser i Bokn Bygg ved å
selja skulen til dette firmaet.



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE

4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

GITAR - UNDERVISNING

Me treng fleire interesserte for at dette
tilbodet vert sett i gong til hausten.

Det er framleis ledige plassar, men
Musikkskulen må ha beskjed innan ei
veke.

DAMEKOR

Medlemstalet er no på grensa for å
halde eit kor i gong.

Vil du høyre kor-song til hausten,
bør du melde deg på eller oppfordre
andre til å gjere det.

Timeplanane vert lagde i desse dagar
og ikkje til hausten, så er du
interessert bør du melde deg på snarast !

UTFLYTТА BOKNAR:

Gode vener i Bokn

Takk for sist! Det er forresten ikkje så lenge sidan. Den 1.okt.89 var eg saman med lesarkullet mitt til 50 års jubileum i Bokn. Det var ein fin dag som eg tenkjer attende på med glede. Tusen takk til dei som fann på det og la alt så vel til rette.

Me starta dagen i kyrkja, det gav oss høgtidskjensle alt frå morgonen av.

Tenk å få treffa dei som me las for presten saman med utover summaren 1939.

Alle saman bur her på Vestlandet, så vegen var ikkje lang for nokon av oss. Dei som ikkje møtte, sakna me. Livet hadde ikkje arta seg så ulikt for oss som møttest den dagen, fann me ut.

Men når eg fyrst sender ei helsing til Bygdebladet vender tankane attende til barneåra heime i Kro til naboar, venninner, skulen, læraren, krambua, skulevegen, leiker som me fann på både på skulen og heime. Når ein vart eldre er det herlegt å mimra om gamle dar.

Eg minnest når me var med far og mor på møte på bedehuset. Når Rørtveit og Lysvall hadde møte og to skulle tala. Då vart det stundom lenge for ei smågjente og svevnen ville senda med i golvet. Godt å bli teken inn i ein armkrok då. Når møte var slutt var det lang veg heim.

Juletefestane og basarane var store hendingar som me glede oss til lang tid i førevegen. Når minnene strøym-

er på har eg hug og bruka diktaren sine ord "der ligg og skine i mit minne nå så fint som ein perlestein".


Her på Kleppe på Jæren har me budd sidan 1954. Faktisk i 34 år til hausten. Me har ein stor barneflokk. Dei fleste bur her i Rogaland. Me tykkjer det er gildt å ha dei i nærleiken. Men ein er på Ås i Austfold, han reiser til Passvikdalen no til summaren. Det er litt langt det. Men ei dotter bur i Argentina og det skal eg sei er langt. Av dei andre barna fekk eg billett ned dit då ho skulle gifta seg. Eg reiste i dagavis og kom ned 1 time før vigsla. "Just presis", som svensken seier.

Ho gifta seg i Buenos Aires. Det er ein stor by på 10-11 millionar menneske. Fin by men store slumområder. Me tok og ein tur med buss sør i landet til ein by som heitte Bariloche. Buss-turen tok 25 timar. Denne byen ligg nær grensa til Chile. For eit års tid sidan var Konrad og eg ein tur til sørover for å helsa på dei to barnebarna me har fått der. Då nytta me og høve med ein tur til Chile.

Snart står pensjonist tilværet for døra. Det er og noko å sjå fram til. Får ein ha helsa er det mykje fint ein kan ta seg til og fülle tida med. Eg trur ikkje eg vart gjerands laus.

Ha det godt alle saman.

Helsing Lina Kro Bråtveit



Dagens lille glede var flagget
Det foldet seg sammen og blafret ut
i den svake brisen -
Det vaiet fra alle offentlige bygninger
i byen.

Når det pakket inn stangen
var det som et lunt kjærtegn,
og når det foldet seg ut
var det som en fanfare.
Det ga så meget med sine mangfoldige
bevegelser,
Nasjonalitetsfølelsen
og samhörigheten med alle
nasjoners banner -
høyt hevet over krig og hevn.

HOGNALAND

Ved juletider 1667 kom sju mann gåande langs stien frå Are framom Hognåsen til Hognaland. Fremst mellom dei gjekk lensmannen sjølv, Østen Danielsson Fosen. Med han fylgde dei andre takstmennene:

Johannes Nerabø, Ådne Vatnaland, Mikkel Kvinnesland og Erik og Nils Are. I tunet på Hognaland møtte dei bonden der, 35-åringen Lars Helgesson.

Fylgje hadde gått bygda over og vurdert gard for gard og turen var nå komen til Hognaland. Fyrst gjekk dei over åkeren. Lars spadde kring ti mål og hausta år om anna eit par tonn havre. Det var så mykje han greidde seg med korn og slapp å kjøpa. Vidare fann dei eit par hestar i stallen og elleve kyr i fjøset nå etter at juleslaktinga var over. Dei 16 sauene hans brydde dei seg ikkje å rekna med.

Av anna som kunne virka inn på skattar og avgifter, rekna dei med kverna og nok vedaskog til oppvarming av heimehuset. Dei noterte seg også at Lars var sjøelveigande bonde før turen gjekk vidare til Sønnaland.

Slik møter me Hognaland ein vinterdag i 1667. Men alt då var garden opp mot 1500 år gammal. Namnet tyder "Hognesland". Kanskje var det sjølve landnåmsmannen som heitte Hogne. Kvar han kom frå og kva gard Hognaland blei skild frå, er det uråd å seia sikkert i dag. Helst hørde han frå fyrst av til Are.

Garden var på ingen måte mellom dei største i Bokn. Han låg helst under gjennomsnittet i klasse med Gunnarstad og Trosnavåg. Og som desse gardane, sette aldri nokon av dei store godsherrane noko større inn på å få lagt han under seg. Til det var han for ring. Difor blei han verande i bondelege gjennom heile mellomalderen fram til i dag.

Før Svartedaude kan det ha budd eit par bønder her. Men etter at pestane hadde rasa frå seg, levde det bare att ein familie. Fyrst midt på 1700-talet slo det seg ned ein bonde til på garden. Dette talet heldt seg sidan til inn på 1800-talet.

Når ein høyrer ordet idrettsskule kan mange tankar oppstå; "Er dette noko i grunnskulen sin regi?, Er det i skuletid?, Kva kostar det?, Ja i det heile tatt kva er det?"

Ein idrettsskule er relativt nytt og ein kan samanlikne det med det ein kalla idrettsleik før. Prinsippet for ein slik "skule" er å gi alle born ei allsidig opplæring i mange ulike idrettar - som ei grunntrening. Her er det ingen konkurranse, den vil først komme i 12-års alderen, men her er iver og glede, her er ingen tapar eller vinnar.

Ved å gi ei slik allsidig trening unngår ein spesialisering i så ung alder at ein sjølv ikkje har bestemt kva ein vil drive med, og passar for ein. Idrettsskulen gir optimal grunntrening. Det er òg viktig for å unngå belastningsskader. Treninga skal gi ein basis for eit harmonisk forhold til fysisk aktivitet.

Den som bygger vidare på ein slik grunnbasis, vil kunne utvikle seg lettare og nå lengre ved ei eventuell spesialisering (ILIS).

I Bokn har ein valgt at styringa av idrettsskulen skal vera eit samarbeid mellom skule-, kulturetat og idrettslaget, som eit eige styre. For nærare opplysingar kan ein kontakte fritidsleiaren.

Prisen er kr.50 pr. år (idrettslaget si kontigent) og idrettsskulen vil i første omgang føregå på ettermiddag/kveldstid.

T.B.L.

KONDITIONSØLV FOR JULIANNE VÅGA

20 år gamle Julianne Våga tok sølv i NM for unge konditorar i Oslo nyleg. Ho skal dermed til Østerrike til VM i september. Ho har også fått eit stipend som skal brukast til vidareutdanning i Danmark.

Julianne arbeider i konditorfirmaet Håvarstein & Voll i Stavanger, kor ho også har gått i lære. Ho har også vore elev ved Godalen videregående skule i Stavanger.

IDRETTSSKULEN - NOKO FOR DEG ?

Er du mellom 3 og 10 (12) år kan du melde deg på idrettsskulen.
Det kostar ikkje anna enn medlemskap i B.I.L. (50,-)

Er du mellom 3 - 5 år kan du vera med på t.d. dette:

snororientering
leiker
ballspel
friidrett
oppvisning

Er du mellom 5 - 7 år kan du vera med på t.d. dette:

orientering
leiker
ballspel
evt. cupar
friidrett
oppvisning

Er du mellom 7-10 år (12) kan du vera med på t.d. dette:

orientering
ballspel
evt. cupar
friidrett
oppvisning



Alt dette for å gi ei allsidig grunntrening som passar alder og for både gutar og jenter.

Meld deg på !!

Namn: _____

alder: _____

Underskrift føresette: _____



BOKN SKULE



MILJØVERNDAGEN

På skulen hadde me miljøverndag måndag den 21.05. Opplegget var delt inn i fire timar. Den fyrste var me i Drivhuset. Der fekk me høyra om miljøvern. Korleis ørkenen sprer seg på grunn av nedhogging av tre, og korleis ein må verna om naturen her me bur.

Den andre timen såg me bilder i musikkrommet.

Den tredje timen hadde me ein melkekartong konkurranse som heiter "Bruk pappen". Me skulle laga noko av ein melkekartong og beskrive kartongen med ord. I den siste timen kom ein mann frå Stavanger og fortalde om olja, og dei skadane den kan gjera på sjødyr og fuglar når den kjem på ville vegar.

Den 28/5 var 4.- 6.klasse rundt på Bokn og plukka søppel for å reinske opp noko av det hevne rundt på øyane.

Me avslutta dagen med grilling i Gunnarstadlia!

HALD BOKN REIN



EIT LITE DIKT

Hvis me ikkje skal øydeleggja vår jord,
må me slutta å bruka papir bleika med klor.
Brukar du bensin med bly,
bør du ikkje vere kry.
Hvis du hiver eit batteri ute i det fri,
øydelegg du naturen og den daglege turen.



VAKTMEISTEREN VÆR

Vaktmeisteren er ikkje akkurat den som kjem fram i lyset på ein skule, og det ville me gjera noko med. Me gjekk for å snakka med vaktmeisteren på Bokn skule, Arne Ognøy. Han er vaktmeister både på skulen og kombibygget med uteareal, og ambulansesjåfør på dagtid.

Oppmålingsarbeid er og ei oppgåve han tek seg av. Arne har vore vaktmeister i 24 år og trivest godt med jobben. Arbeidsdagen hans startar med å sjekke at alt fungerer, hentar varer og tek resten av oppgåvene etter som dei kjem. Ellers seier han at det er blitt ryddigare på skulen nå enn det var før. Elevane er greie å samarbeida med. J A, det er ei kjekk vaktmeister me har.



PINSE


Me feirar pinse fordi Den heilage ande kom over disiplane.

Den kom som ein stor flamme som skilde seg i tunger og satte seg på kvar enkelt av dei. Ordet pinse kjem frå det greske ordet "pentekoste" som betyr den femtiende dagen.

1. pinsedag kjem 50 dagar (den sjuande søndagen) etter 1. påskedag, og kan tidligst falle på 10. mai, og seinast på 13. juni.

For jødane er pinsen opprinneleg ein takkefest for kornhausten, seinare ei høgtid til minne om at Moses mottok lovtavlene på Sinai-fjellet. Den kristne kyrkja feirer pinsen som en glede fest til minne om at Den heilage ande blei utgydt over apostlane den første pinsen etter Jesu død. Denne hendinga reknast som fødselsdagen til kyrkja. Kyrkja sitt symbol for Den heilage ande er denne dua.

barneside



VASSRETT!


1. Noko å skrive med
6. Ikkje liten
9. Annfall
10. Guttenamn
12. Land i Europa
14. Smile
16. Tor Karlsen
17. Like
18. Sjø
21. Ikkje seier
23. Artikkel
25. Kari Elise Solberg
26. Gutenamn
27. Ikkje under
28. Flatemål
29. Ikkje inn



Kan DU finne
dei 7 feila !

LODDRETT!

1. For å sjå betre
2. Asside
3. Mynt
4. Are
5. Busk
6. Krydder
7. Kjøretøy
8. Fisk
11. Tre
13. Leikety
15. Jentenamn
19. Fisk
20. Voks
22. Oppdrett
24. Tal




"AVGANGSGJENGEN"

Me i 4.-6. klasse har vore i 9. klassen for å få vita kva dei tenkar om skulen vidare. Dei har likt seg godt på skulen her, men er spente på å komma ut i "verda" !


Det var forskjellige ønskjer for vidare, men dei fleste vil gå på maskin- og mekanikarlinja. Kokk- og servitør, helse- og miljø og elektro er og populære linjer. Dei fleste ønskjer å gå i Haugesund. Me ønskjer dei LYKKE TIL.

REBUS



FERIE

FORELSK I BOKER



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10-13.30

ONSDAG: 16-19

TORSDAG: 10-13.30

LESETIPS FOR JUNI

VAKSNE

Anthony, Evelyn:
Mørke skygger.
Hansen, Thorkild:
Slavens kyst.
Hanssen, Arvid:
Kjærestebåten.
Heggland, Johannes:
Guds husfolk.
Kundera, Milan:
Udødeligheten


BARN OG UNGDOM

Park, Ruth:
Den fremmede
Nöstlinger, Christine:
Frans og lærer Sikksakk
Uebe, Ingrid:
Spøkelsesfortellinger
Bøge, Kari:
Hver sin lyst.
Nielsen, Unni:
Et mord for Quiterio.

KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

LYKKEN
ER
EN BOK PÅ NEBBET



BARNE OG UNGDOMS- PLANARBEIDET

Ja nå begynner resultatene av arbeidet å ta form. Ein gjorde i Barne- og ungdomsplanarbeidet mange interessante undersøkingar om korleis det er å vekse opp her i Bokn. Ein har undersøkt fritid, rusmiddelbruk, TV/video vanar, mobbing og anna. Bokn er ikkje ein stad utan slike problem. Når det t.d. gjeld mobbing skjer dette dagleg og er ei stor påkjenning for dei som blir utsett for det. Ein går ut frå at denne mobbinga går mest på det psykiske, det kan vere alt frå "utfrysing", sårande kommentarer og anna. Mobbaren/mobbarane er ofte ikkje klar over at dei driv ein sårande terror med store konsekvensar.

Samanliknar ein Bokn med resten av fylket ser ein at rusmiddelbruken, (alkohol), blir brukt av fleire her når ein kjem opp i 9.klasse og eldre, enn om ein ser heile fylket under eitt. For å nemne i prosent smakar nærare 60% alkohol i 12-15 års alderen, berre 3% har ikkje smaka alkohol i alderen 16-20 år. I den sistnemnde aldersgruppa drikk 63% alkohol ca. 1 gong pr. måned. I undersøkingar på fylkesplan har 18% i alderen 16-24 år aldri smaka alkohol, 40% har såvidt smakt og 27% drikk ca. 1 gong pr. måned.

Når det gjeld resultatene frå TV/videovanar slår dette positivt ut. Samanlikna med andre byar ser ungdommen her ein god del mindre TV/video enn ungdommen i byane. Her ser ein TV/video isaman med familien. Dette kan ha mange årsakar, t.d. eit begrensa utval i videofilmar, eller at fritidsaktivitetar ikkje er noko problem. For aktive i lag og organisasjonar er dei fleste heilt opp til 16 årsalderen. Musikkskule, idrettslag og fritidsklubb. Barn i førskulealder har ikkje hatt noko tilbod. Men den nystarta gruppa for idrettsleik, under Bokn idrettskule, visar seg svært populær. Dette tiltaket vart fyrste gong påpeikt som viktig i idrettsplanen. Kommunen har bevilga pengar til dette og Idrettslaget har fått oppstartingsmidlar frå ILIS. Dette skal gje barn opptil 10 år ei allsidig idrettsopplæring, utan spesialisering - prinsippet er idrett for alle.

Andre viktige synspunkt er tatt med i planen, det kan vera trafikksikring, nærmiljøet, sikring av leikeområder, pendlarforhold, bustad o.a. Men det viktigaste av det er at planen blir gjennomført.

Fritidsleiaren

KULTURMIDLAR 1990

Bokn kulturstyret delte i møte den 3. mai ut kulturmidlar slik:

Musikkorg.

Bokn skulekorps
Bokn Brass

19.595
9.965

Diskoteket
Speidaren

2.290
2.205

Idrettsorg.

Bokn idrettslag

15.370

Andre

Bokn Røde Kors
Bokn Vevstove
Bokn skyttarlag
Bokn Veteran MC-klubb
Bokn Swingklubb
Bokn pensjonistfor.
Kyrkjetonar
Kyrkjebygd bedehus
Hognaland bedehus
Austre Bokn bedehus
Bokn hagelag

1.500
1.500
1.395
960
2.670
2.730
750
750
750
750
750
750

Barne- og ungdomsorg.

Hognaland søndagsskule
Kyrkjebygd søndagsskule
Austre Bokn søndagsskule
Petra
Bokn Yngres
Austre Bokn gut/jente kl.
Barnefor. "Havdur"
Hognaland barnefor.

500
1.425
1.000
2.415
2.115
1.200
1.155
1.260

75.000

Banksparing er en sikker plassering som gir meget god avkastning. Nå har vi gjort sparing i SR-BANK enda mer lønnsomt!

SR-Høyrentekonto passer for sparing til alle formål. Ordningen er nå gjort enda mer fleksibel, noe som gir større handlefrihet. Å plassere penger på SR-Høyrentekonto er lønnsomt spesielt for langsiktige sparemål.

Selv med små, månedlige sparebeløp vil du over tid oppnå et betydelig beløp, noe som fremstillingen nedenfor viser.

Beløpene er utregnet etter en rentesats på 9% p.a. fra første krone. Rentebetingelsene kan imidlertid endres – begge veier – hvis forholdene skulle tilsi det.

Månedlig sparebeløp	Totalt beløp etter 5 år	Totalt beløp etter 10 år	Totalt beløp etter 15 år	Totalt beløp etter 20 år
Kr 50,-	3.765,-	9.560,-	18.475,-	32.192,-
Kr 100,-	7.531,-	19.120,-	36.950,-	64.384,-
Kr 200,-	15.063,-	38.240,-	73.900,-	128.768,-
Kr 300,-	22.595,-	57.360,-	110.850,-	193.152,-
Kr 400,-	30.127,-	76.481,-	147.802,-	257.539,-
Kr 500,-	37.658,-	95.601,-	184.752,-	321.923,-
Kr 600,-	45.190,-	114.721,-	221.703,-	386.308,-





BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — 4290 FØRESVIK

UTLYSING AV LEDIGE ASSISTENTSTILLINGAR FRÅ 01.08.90.

Bokn barnehage

Det er ledig 1 heil stilling som assistent. Bemanninga ved barnehagen er for tida 3 assistentstillingar i tillegg til styrar. Bemanninga kan bli redusert til 2 assistentstillingar frå 1.august 1991. Det er under utarbeiding ny instruks for stillingane i barnehagen.

Ferieavviklinga er lagt til den tida barnehagen er stengt. (juli)

Bokn skule

Det er ledig 2 deltidstillingar som assistentar. Stillingane er ei prøveordning for skuleåret 1990/91. Arbeidstida blir 4 timar til dagen, 4 dagar i veka. Ferie og fridagar som for skulen.

Stillingsprosenten er om lag 42%, med fråtrekk av 14,8% avdi arbeidstida følgjer skuleåret. Det vil bli utarbeidd instruks for stillingane.

Søknad kan sendast Bokn skulekontor, 4290 Føresvik.

Søknadsfrist torsdag 7.juni 1990

LEDIG STILLING

Frå 1.august 1990 er det ledig ei 1-års engasjementstilling som fritidsleiar i $\frac{1}{2}$ stilling i Bokn. Fritidsleiareren skal m.a. gi råd og hjelp til organisasjonar, foreldregrupper og andre som driv opne tilbod for barn og ungdom, og vera til hjelp i planlegginga av slike tiltak.

Det er utarbeidd stillingsomtale. Stillinga er lagd til kulturetaten.

Det er ynskjeleg med utdanning/erfaring som høver for stillinga. Løn etter ltr.18.

Søknad med kopiar av attestar og vitnemål sender ein til administrasjonsutvalet i Bokn kommune, 4290 Føresvik - innan 15.juni 1990.

SOMMERVIKARER

TIL TEKNISK ETAT.

Teknisk etat søker etter 2 sommerkvikarar til diverse malingsarbeid og vedlikehold.

Den ene stillingen er ledig f.o.m 18.06.90 til 18.07.90 og den andre fra sistnevnte dato t.o.m. 18.aug. Søkerene bes oppgi hvilken periode de ønsker å jobbe.

Søkerene må være fylt 16 år.

Søknadsfrist: 13.06.1990

Forespørsel om jobben kan rettes til teknisk sjef på tlf. 74 85 00

TEKNISK ETAT.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side: kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT I JUNI

- 08.06 Sanitetsforeningen har
basar på Austre Bokn.
- 11.06 Kino
- 17.06 Boknafestivalen arr.:
Skulekorps/Brass

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 11.
juni.
Påmelding til sosialkontoret, tlf.
74 85 00.
NB! Dette er siste fotpleie før
ferien. Det er ikkje fotpleie i
juli og august.

**KYRKJEBYGDA
VANNVERK.**

HOVEDLEDNINGENE VIL BLI SPYLT
I DAGANE 5/6 - 9/6 1990.

VANNET KAN BLI GRUMSETE MENS
ARBEIDET PÅGÅR:

FASTEINNSAMLINGA

Brød for verda 1990 kr. 8.700.

TIL SALGS

P.g.a. plassmangel selger jeg min
gode KPS-komfyr.
Komfyren er 70 cm, har 4 plater,
rygg m/lys og annet utstyr.
3 x 2 x 1 sofagruppe gis bort.
Henv. tlf.748500, Tove (helst
mandag eller torsdag)

**BOKN BYGDEMUSEUM
OPNINGSTIDER**

Kvar søndag i juni, juli og aug-
ust - frå og med 3.juni til og
med 26.august.

Kl.15.00 - kl.18.00.

**BOKN KYRKJE
GUDSTENESTER**

Juni: 17. (kl.10)

Juli: 8.

Juli: 29. (kl.19)

August: 19.

SKULESTYREMØTE

Skulestyret 5.juni kl.15.00

**TILSETJINGAR
I SKULEN**

Desse vart nyleg tilsett ved Bokn
skule for skuleåret 1990/91:

Elia Aase (heil stilling)
Olav Lande Rossebø (heil stilling)
Heidi Iren Sunde (heil stilling)

Dersom ein av dei tilsette ikkje
tek imot stillinga, får Wenche Laup-
land tilbod om mellombels tilsetjing
i heil stilling skuleåret 1990/91.

...det er vi som selger

BLINK *En fulltreffer*
OHUS FORSLAG TIL HØKKREK-
TEGNING • BYGGESAKSBEHANDLING...

FOR AVTALE PÅ BOKN
RING SOLVIG GUNDERSEN
TLF. 743501

UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (047) 43 111